

TØI

Kollektivtransportforums årskonferanse 2015

Oslo kongressenter 3. februar 2015

Andreas Hompland:

Søt draum eller mareritt?

IKT og behovet for fysisk transport

God morgon

Og takk for i går. Med måndag kveld i Nydalen

Men eg må innrømme at det er ein annan TV-serie som er min favoritt for tida:
"Lisenskontrolløren" på NRK.

Kvart program begynner med eit klipp av ein ganske så utilpass Einar Gerhardsen då han offisielt åpna Fjernsynet 20. august 1960.

For eksempel dette - ein slags Gerhardsen-versjon av "I have i dream":

Vi møter Fjernsynet med store forventninger. Vi venter at det skal bli en ny faktor i undervisning og folkeopplysning, og et nytt middel til å spre kunnskap utover landet.

Det begynte med timeslange foredrag av Francis Bull om dei store diktarane. Og dei pedagogiske fysikarane Helmut Ormestad og Otto Øgrim på Rotelfoftet. Då var me alt på god veg over i sjangeren "infotainment". Men fortsatt innanfor Einar Gerhardsens draumar, for han sa også dette:

Vi møter Fjernsynet med store forventninger. Vi venter at det skal gi underholdning og adspredelse.

.-----

Rundt 1980 var seinare skattedirektør Bjarne Hope engasjert av monopolkanalen for å innføra folket i datamaskinane sin vidunderlige verden, med utsikt til at dei ville koma til å bli allemannseige og vera til stor nytte. Programma var direktesende og uredigerte, så mye teknisk gjekk i ball. Det verka like krevande og like komplisert som dengong ein ikkje bare måtte svara korrekt på lurespørsmålet "Hva skal en ha over bilen under alle forhold?" for å få sertifikat, men også måtte kunna prinsippa for forbrenningsmotoren og halda styr på camber- og caser-vinkelen.

Men Hopes store løfte og håp for dataframtida var at når du hadde lært deg alle dei kompliserte kommandoane, kunne du bruka datamaskinen til å forenkla kvardagen: For eksempel ved å laga og lagra ei liste med nummer og namn, slik at du slapp det forferdelige slitet med å slå opp i telefonkatalogen.

Tidlig på 90-talet var den metropoliske, teknopoliske og ustoppelige urbanisten Erling Fossen programleiar for kultprogrammet Puck på NRK2. Der kalla han inn noen teknologiske nerdar som febrilsk prøvde å overbevise om at telefonen kunne brukast til mye meir enn som eit snakkeredskap. Den kunne også leggja grunnlaget for fjernarbeid, for at mange arbeidsoppgaver kunne gjerast utanfor arbeidsgivarens sine lokala. I prinsippet kunne folk sitte på kvar si tue, gjerne bu der ingen skulle tru at nokon kunne bu, og samtidig vera heilt i fronten av arbeidslivet.

Eg må leggja til at programleiaren var nokså skeptisk, for kordan skulle det då gå med hans visjon om bylivets forlokkelse og velsignelse?

Først på 2000-talet hadde Bravida - som då var det nye namnet på det nye Telenors installasjons- og servicevirksomhet, hadde ein serie heilsides annonsar i avisene. Ein av annonsane - med mystiske, kvite sirkclar i spiralforn, viste eit hytteinteriør - sjølvje arnestaden for den norske kosen i full privathet. Med folk i Marius-genser.

Lenger bak i avisa kom dei kvite sirkclane att, og då såg me at det var tenkebobler, som i teikneseriar. Gjennom nettet kopla kosen seg via eit konsoll til ein robot. Teksten lydde: "En gang i fremtiden kan en kirurg operere deg mens hun er på hytta. Vi vet ikke når, men vi vet hvem som skal sørge for at hun får kontakt." Hilsen Bravida.

Dette var den ultimate presentasjonen av fjernarbeidets løfte og mulighet. Det dreidde seg om ekstremt avanserte "operasjonar" - i dobbel forstand. Det handla også om noe uhyre viktig: rett og slett om liv og død. Informasjonsteknologien i livets teneste. Inkje mindre.

Men det kopla også saman to verdenar som hadde vore skilde i tid og rom: fritid og arbeid. I reindyrka form: Det enkle og primitive hyttelivet - med den avanserte og moderne operasjonssalen.

Mitt enkle poeng så langt er det same som Einar Gerhardsens: Ny teknologi gir nye muligheter til eit betre, meir opplyst og lykkeligare liv. Eller med EG's ord då han åpna fjernsynet:

Vi møter Fjernsynet med store forventninger. Vi venter at det skal bli en nøkkel til nye verdier for tanke og sinn.

Me lever i ein teknologisk orientert kultur som formar tanke og sinn. Me knytter ofte overdrivne presise forestillingar om framtidias muligheter til tekniske endringar. Nå skulle fjernarbeid bli ein realitet. For stadig fleire, og i stadig nye former.

Derfor les eg både Bravida-annonsen og Einar Gerhardsens ord som tungt ideologiske tekstar. Fjernarbeid var, og språklige og teknologiske slektingar har, mye ideologi i seg. Den knytter an til eit heilt knippe av forestillingar og verdier om det gode - det gode samfunn og det gode liv.

Om eg skulle driva ein smule ideologi-kritikk, ville eg seia at når det moderne mennesket skal laga seg visjonar om framtida, deler me hodet vårt i to. Med den eine delen tenker me teknologi. Der underkastar me oss ein teknisk logikk og tekniske løfte om framtidige muligheter.

Med den andre delen av hodet har me vanskar med å bruka tilsvarande fantasi på det menneskelige, sosiale og samfunns-organisatoriske. Der lar me oss styra av enkle, tradisjonelle og ofte ubevisste bilde. Det fører til at mange av dei viktigaste

sidene ved våre liv ikkje er ein aktiv del av dei teknologisk baserte framtidsbilda. Dei kan stimulera teknisk fantasi, men fremmar ikkje kulturell og sosial og forståelse. Familiemønster, arbeidsfordeling, menneskelige samversformer og kulturaktivitetar fell utanfor, blir svevande utopiar eller dårlige kopiar av noe som var. Eller blir bare tatt med på kjøpet av det tekniske.

Det blei faktisk stadig meir av dette i den teknologiske optimistiske etterkrigstida, som varte veldig lenge. Bilda av framtidens hus og menneske var lenger som scener frå ein science-fiction-film.

Så snudde det. Nå vegeterer framtidsbilda stadig oftare på tradisjonelle effektar frå heim og hytte. Frå lykkelige, gamle dagar. Simple living.

Derfor er det stadig viktigare å gripa fatt i kordan framtidsbilde oppstår og heng saman. For at me ikkje skal gå baklengs inn i framtida og la den bli forma av tekniske krav til løysingar. For det er kanskje så alvorlig som Aldous Huxley sa det med ei spissformulering: "Folk forgudar den teknologi som undergrev tankeevnen deira."

Informasjonsteknologiens og fjernarbeidets løfte var og er at det skal forenkla både dagliglivet og arbeidslivet, spara tid og gje oss utvida muligheter. Den amerikanske framtidsforskaren John Naisbitt antyda for 20-30 år sidan, altså for mange teknologiske generasjonar sidan, at me kom til å til å bruka den sparte tida på å vera meir saman med andre: "High tech - high touch". Det er grunn til å minna om at Naisbitts megatrender var basert på det amerikanarar ga uttrykk for at dei **ønskte**. Det er med andre ord sannsynlig at det er **draumen** om det nye Jerusalem Naisbitt hadde fått tak i, og ikkje det faktiske, splitta, spente og utrygge Jerusalem.

Det var sjølsagt mulighet at draumen kunne slå til. Men det har vist seg minst like sannsynlig at media-eksplosjonen, informasjonsteknologien og nettverden vil fortsetta å følgja ein annan logikk, slik at mye bruk fører til endå meir bruk. Og at me på kjøpet får store og små brødre som overvakar oss - noen med løfte om ein tryggare verden, og andre med tilpassa reklame.

"Teknologien er nøytral. Det er me som fyller den med innhald." Det er ein retorisk standardvisdom som ikkje kan avvisast utan vidare. Men det er farlig å forlita seg på det. I vår tekno-orienterte kulturs sinnelag er me uendelig mye dyktigare og satsar uendelig mye meir på å forma og utvikla teknikken enn på å førebu oss på dei sosiale og kulturelle konsekvensane. Derfor har slagordet om nøytralitet størst verdi som besvergelse. Me formar våre omgiversar, men deretter formar dei oss. Om me ikkje aktivt styrer og formar teknologien, så formar den våre omgiversar. Og dermed oss i neste omgang.

Men dette er tosidig. Dersom ikkje teknologane orienterer seg betre og forstår meir av det sosiale og organisatoriske landskapet, blir dei sittande med skjegget i den teknologiske postkassa. Då blir resultatet at folk har maskinar og muligheter, men bruker dei lite. Det blir ikkje som Gerhardsen også drøymde:

Vi møter Fjernsynet med store forventninger. I daglige sedinger skal vi følge bedre med i det som skjer hjemme og ute.

Det var ein del av IKT-optimismen at den ikkje bare skulle redusera unødvendig reising og spara tid, men også fjerna unødige mellomledd og hindringar. Det grøsser litt i meg når ein omset "mellomledd" med det ordet faktisk betyr i denne samanhengen: Andre menneske vi møter og støyter på i vår kvardag og arbeid..

Når menneske møtest, oppstår det ikkje alltid trivsel og søt musikk i hjertene. Men det kjem ofte også noe anna ut av møtet enn det folk egentlig møttest for.

Det er derfor det er så viktig å halda på gamle og utvikla nye, sosiale arenaer og møtestader, som motgift mot informasjonsteknologiens ibuande tendens til privatisering. Møtestadene er ikkje bare viktige for trivselen. Dei er like viktige som kulturberarar og grunnlag for kreativitet. For å definera behov, møta utfordringar og motforestillingar og finna utradisjonelle løysingar. Derfor har framsynte bedrifter og institusjonar trykt på bremsen i utviklinga mot større frikopling mellom arbeid og arbeidsplass.

Eg trur det er eit grunnproblem i all tenking og planlegging og politikk at når ein bare ser bare eitt problem om gongen, ser det ut som om det er mulig å finna ein - om ikkje qquick - så i alle fall ein fix. Utan å ta høgde for baksidene. For det er sjeldan spørsmål om eit problem som skal løysast, men dilemma som må balanserast og levast med. Det har vore IKT-optimismens faste følgjesvein.

Då byar var tette, fæle, farlige og forurensa, og blokkene sjel-lause, kom den første grønne bølgen. Med lede over ein sivilisasjonen på veg mot stupet. Alternativet var livet på landet med katt og kaninar .

Dei som ikkje ville ta steget ut på landet, hamna i mellomlandet då den mørke trangboddheten skulle bekjempast. I spreidde og bilbaserte satelittbyar og byggefelt. Med pendling, lang reisetid med bil og buss, kø, trengsel og kaos som resultat. Utvegen var betre vegar. Og tryggare vegar, med utsikt til førarlause bilar ein gong i framtida.

Er det rart at løftet om avstandsuaavhengig fjernarbeid og telependling var som manna frå den teknologiske himmelen?

Då transporten likevel auka, og energi og klimaet blei det alvorlige, var løysinga tog og el-bilar. Og draumen om hydrogen.

Når det merkelig nok viser seg at også Tesla-er tar plass og gir trengsel, er det fortetta byar og kompakte knutepunkt som gjeld.

Når bolig- og transportplanlegging er på kollisjonskurs, er svaret regionforstørrelse, eller som det heiter i dagens politiske retorikk: Større og mer robuste kommunar.

På 50 år har me gått sløyfa rundt: Frå sentralisering, via desentralisering og spredning, og tilbake til det tette og sentraliserte. Og heile tida med det gode liv og ein betre verden som legitimerande begrunnelse.

"Alt henger sammen med alt," sa Einar Gerhardsens landsmoderlige etterfølger, Gro Harlem Brundtland. Men det eine kan motverka og undergrava alt det andre, må ein nok leggja til. Det er mange tve-egga sverd i bolig- og transportpolitikken. Det som er positivt på ein parameter, verkar ofte negativt på andre.

Utkjøringa frå dette morgonkåseriet er å mana til edruelighet og ikkje blanda regimenta. Det må skillast mellom kunnskap og tru. Mellom teknologisk overmot og moralsk rasjonalitet. Ikkje tru at dersom ein bare trur og ønsker sterkt nok, så blir virkeligheta slik. Velvillige, men ufordøyde utopiar har ein slem tendens til å enda i dystopiar.

Dette gjeld rimeligvis i forholdet mellom det individuelt behagelige og det kollektivt ønskelige. Og mellom det religiøse og det verdslige. Det gjeld sjølsagt også for politiske program og planar. Problemet er som kjent ikkje å leggja planar, men å minnast kor ein har lagt dei.

Men ettersom eg ikkje er politkar, og dessutan personlig og pragmatisk hedning, fell det meg heilt naturleg å henta visdom der den er å finna. Så mine siste ord i denne morgonandakten er eit utdrag frå Romarbrevet 7. kapittel, mellom 14. og 21. vers:

Eg skjønar ikkje kva eg sjøl gjer. Det eg vil, gjer eg ikkje, og det eg hatar, det gjer eg. Viljen har eg, men å gjera det gode, maktar eg ikkje. Det gode som eg vil, gjer eg ikkje, men det vonde som eg ikkje vil, det gjer eg. Men gjer eg det eg ikkje vil, då er det ikkje eg som gjer det, men synda som bur i meg. Så finn eg då at denne lova gjeld for meg: Eg vil gjera det gode, men kan ikke anna enn å gjera det vonde.

Ha ein god dag vidare.

I balinga med dei gode trafikksystema - i spenninga mellom individuell valfrihet og kollektiv fornuft.

Med ein advarsel mot sånne som meg: Eg bur slik til i denne byen at eg kan ta trikken, sykla eller sogar driva **jaywalking** til det meste. Men eg har tatt mine rurale transportvanar frå min rurale oppveksten i dalstrøka innafor, med meg inn i mitt urbane liv. Eg har ein stygg tendens til å kjøra bil til ein P-plass for å starta løpeturen, eller til sentrum, når eg har ærend der. Ettersom eg bur godt innanfor Ring 2, slepp eg til og med bompengar.

Det bidrar ikkje til berekraft, men unektelig til ein livsstil med ei kjensle av personlig levekraft.

Eg er ein sjølbedragar, og me finnest i alle generasjonar.

Eg burde vel kanskje unnskylda det , før eg seier takk for meg.